

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07. og 08.02.2018

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 18, 16, 17, 19, 20, 22, 26, 27, 21, 23-25/18

Utvalsleiaren informerte:

- Arbeidet i den politiske styringsgruppa for ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad går sin gang.
- Trepertssamarbeidet med LO og NHO og fylkeskommunen om samferdsel er gjenoppretta.

Fylkesdirektør samferdsel orienterte om arbeidet med og prosessen for «Sams vegadministrasjon».

Studietur

Utval for miljø og samferdsel var på studietur til Oslo frå 7. februar til 8. februar. Det var lagt opp til slikt program:

- Samferdselsutfordringar i Akershus fylkeskommune v/fylkesdirektør samferdsel Thomas Tvedt
- Møte med Hordalandsbenken på Stortinget
- Presentasjon av Oslo som europeisk miljøhovudstad samt orientering om sykkelsatsinga i Oslo. Klimaetaten v/Heidi Sørensen
- Presentasjon av Ruter sitt arbeid med mobilitet. Ruter v/direktør for mobilitetstjenester Endre Angelvik
- Digitalisering og kombinert mobilitet – trendar og hovedutfordringar. Skyss v/Oddmund Sylta og Hanne Alver Krum